


# GEITEBOKA MI



## LÆRARRETLEIING

*Geiteboka mi* er laga av Norges Bondelag som ein del av Den grønne skolen, og er eit av fleire lærings- og aktivitetshäfte om mat og landbruk for barn.

### Målet med heftet er:

- at barna skal tileigne seg grunnleggande kunnskap om geita og kva den produserer
- å auke lysta til å ville lære meir om landbruk og matproduksjon
- å gi deg som pedagog ei fagleg støtte som er rask og enkel å setje seg inn i

På [dengronneskolen.no](http://dengronneskolen.no) finst det undervisningsopplegg og endå meir fagleg innhald for barn i grunnskulen. Bruk gjerne denne for meir inspirasjon og innhald, og for å kome i kontakt med bønder som tilbyr gardsbesøk og undervisningsopplegg.

Vi ønsker deg lykke til og håper boka bidrar til å skape engasjement blant barna. Gjerne kontakt oss på [bondelaget@bondelaget.no](mailto:bondelaget@bondelaget.no) for spørsmål eller tilbakemeldingar.

Venleg helsing Norges Bondelag.

Design: Bransjen  
Tekst: Kari Ramstad, revidert av Norges Bondelag

Fasit: Atte ostehøvlar

# OM GEITA

Opphavleg kjem geita frå fjella i Midt-Austen. Der er det mange fjell, og fjellknausar, og ikkje så mange planter og frodig gras. Ein har funne teikn på at menneske alt for 6000 år sidan hadde geiter for å få mjølk, skinn og kjøt.

Det finst ulike geiterasar. I Noreg er den vanlegaste geita Norsk mjølkegeit. Det er den som produserer det meste av mjølka vi lagar geitost av. Den norske kystgeita er tilpassa eit tøft klima og er spesialist på å produsere mjølk. Den sørafrikanske Boergeita (boer betyr bonde på nederlandsk) produserer kjøt. Andre rasar som Kasjmir- og Mohairgeit er gode på å lage mjølk og kjøt, men er mest kjent for å vere spesialistar på å lage fin ull.

VISSTE DU AT...

Geiter har ulike dialektar? Det er berre tre andre pattedyr som også har det: delfinar, elefantar og menneske.



# GEITA OG GEITEBUKKEN




Hogeita blir kalla geit, hannen blir kalla geitebukk eller berre bukk og ungane blir kalla killingar eller kje. Når ei geit føder, blir det kalla kjeing. Geiter er veldig nysgjerrige og vil helst utforske og smake på alt dei møter på. Til vanleg liker dei best å ete gras, blad, knoppar, urter og andre planter. Geiter har ikkje framtenner i overkjeven, men er likevel gode på å gnage på ting. Dei blir veldig glade viss dei får eit tre med blad å gnage på.

Geiter er nemleg ekspertar på å ete små tre og buskar.

Ragget til geitene er ofte kvitt, grått, brunt, svart eller ei blanding av desse fargane. Det er veldig vanleg at geiter har horn. Geitene bruker horna sine til å stange vekk fiendar, slåst og leikeslåst med andre geiter. Då står dei på bakbeina og stangar hovudet og horna mot motstandaren.

Om vinteren bur geitene som regel innandørs. Huset til geitene heiter geitefjøs. Då geitene budde i fjella, sov dei på fjellhyller om natta. Geitene liker derfor å sove høgt over bakken eller inntil ein vegg. Nokre bønder har derfor bygd hyller dei kan sove på.

Geitene kjem ut av fjøset om våren når graset er grønt. Då fjernar bonden halmen som er full av bæsje og tiss, og spreier den utover jorda for at graset skal vekse fortare.



Geiter blir ikkje klipt slik som sauene, men for å samle ulla blir den greidd med børstar. Det er fordi geiter har strie hår, som blir kalla ragg, og ulla ligg under dette ragget. Ulla frå Kasjmirgeiter blir sett på som veldig flotte produkt.




# FRÅ MAT TIL BÆSJ

Geiter er som nemnt veldig nysgjerrige og liker å smake på det meste dei kjem over. Denne måten å leite og ete på blir kalla for søking. Geiter et mest gras, men når dei et blad og knoppar på tre, står dei gjerne med frambeina på treet for å strekke seg lengst mogleg. Geiter er spesialistar på å halde skog og kratt vekk frå jorde og enger. Viss ingen et småtre og buskar, blir det danna kratt som gjer at det ikkje veks så mykje gras der. Dei som leverer

straum i store straumlinjer til husa i Noreg, har også dette problemet. Når trea veks seg for store, kan dei øydelegge straumkablane. Derfor leiger nokre selskap inn geiter som har spesiallaga halsband med bjøller, som gjer at dei held seg under straumlinja, og et buskar og kratt der. Desse bjøllene blir styrt av ein app som seier frå til geita når den nærmar seg eit digitalt gjerde, som er teikna inn i eit kart i appen.

## VISSTE DU AT...

Bønder bruker bæsjen til geita til å spreie på jordene? Dette gjer dei for at plantene skal vekse fortare og halde jorda friske.




Geiter har i likskap med sau og ku fire magar som gjer at dei kan ete gras, blad og andre planter. I den største av dei fire magane er det kule bakteriar og småkryp som klarer å dele opp plantene endå mindre bitar. Denne magen heiter vom. Når geiter et planter, tar dei store bitar og tygg berre litt på dei. Etter at geiter har ete slik at vomma har fylt seg, legg dei seg for å slappe av. Då gulpar dei opp dei ferdigtogge plantene og tygg dei på nytt i mindre bitar, slik at bakteriane og småkrypa i magen klarer å bryte dei opp i endå mindre bitar.

Når maten er delt opp i små bitar, går den til nettmagen. Her blir dei små bitane samla opp før dei blir sendt til bladmagen. I bladmagen blir mykje av vatnet og viktige stoffe søge opp slik at resten av kroppen kan bruke det. Deretter går maten til løypemagen. Denne magen fungerer på same måte som magen vår og deler opp maten i endå mindre bitar, før den blir sendt ned i tarmane. Tarmane tar opp næring og sender avfallet vidare. Etter å ha blitt frakta gjennom mange meter med tarm ender maten opp som bæsje. Bæsjen til geitene er ganske tørr og er forma som små runde kuler.

# FRÅ KJE TIL MJØLKEGEIT

## VISSTE DU AT...

Geiter er i familie med antiloper?



Når geiter føder, blir det kalla kjeing, og dei får som regel eitt til tre kje kvar. Når geiter skal kjee, treng dei ro og får gjerne ein eigen bingje. Når kjea er født, slikkar geitene kjea sine tørre og reine. Den første og viktigaste oppgåva til kjeet er å finne juret til geita og få i seg råmjølk.

Råmjølk er den første mjølka geita har laga i juret sitt når kjeet blir født. Denne inneheld mange viktige stoff som kjeet treng for å overleve og bli stor og sterk. Eit kje drikk gjerne mellom 2–5 dl mjølk om dagen.

På gardar der det er geitemjølksproduksjon, blir kjeet og geita skilt. Då går kjea i ein eigen bingje. I bingen får dei mjølk på flaske eller frå ein tåtemaskin. I tillegg har dei ei varmelampe dei kan varme seg under. Kjea får mjølk fram til dei er om lag 6 veker gamle og venner seg gradvis til gras og kraftfôr.

I Sør-Noreg startar ofte kjeinga i januar og februar, mens i Nord-Noreg startar den gjerne i mars og april. Det er fordi våren ofte kjem tidlegare i Sør-Noreg, og geitene kan fortare kome seg ut på grønt gras.



## VISSTE DU AT...

Det seiest at det var geiter som oppdaga kaffi? Menneske la merke til at geitene blei hyperaktive når dei åt kaffibønner.

# MJØLKA SIN VEG FRÅ GEITA TIL BUTIKKEN

Geita produserer meir mjølk enn kjeet klarer å drikke sjølv. Geita blir mjølka to gonger om dagen med ein mjølkemaskin, og ei god geit kan produsere mellom 3–4 liter om dagen.


Når geitene skal bli mjølka, går dei opp på ein høg og lang benk. Dette gjer dei for at det skal vere enklare for bonden å mjølke geitene. Dei står då på kvar sin plass. Her får dei kraftfôr, noko geiter liker like godt som vi liker godteri. Kraftfôr er ei blanding av korn og andre bra stoff som gjer at geitene held seg sterke og friske, og som gjer mjølka ekstra god.

Mjølkebilen fraktar mjølka heilt til eit meieri, og her blir det laga mange gode produkt. Blant anna geitost, drikkemjøl, chevre og andre ostar.

**VISSTE DU AT...**

Geitemjøl liknar ein del på morsmjøl hos menneske, og at ganske mange som er allergiske mot kumjøl kan drikke geitemjøl i staden for?





Hjelp bonden med å sette opp eit gjerde til geitene!  
Teikn strekar frå prikk til prikk og sørg for at dei har  
tilgang på vatn, gras, tre og eit tak å gøyme seg  
under når det regner og bles.